



Bø kyrkjeblad

Utgåve 22 - Desember 2025



Juletrehenting
Foto: Ulf Vege

Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjeverje
**Angelika
Faber Karsrud**

410 28 633
ak485@kyrkja.no



Kontorfullmektig
**Dagne
Mo**

404 31 829
dm732@kyrkja.no



Sokneprest:
**Axel J.
Bugge**

454 77 020
ab242@kyrkja.no



Kapellan
**Per Inge
Bergem Håland**

917 89 097
ph234@kyrkja.no



Sekretær
**Signe Vreim
Østtveit**

971 82 146
so997@kyrkja.no



Korleiar:
**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
gs257@kyrkja.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Håkon
Holtar**

906 16 806
hh347@kyrkja.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar
**Per Johan
Nordvik**

913 89 533
pn865@kyrkja.no



**Berit
Bjørnerud**

bb346@kyrkja.no



Organist
**Øyvind
Sundvalen**

476 53 816
os946@kyrkja.no



Vi er éi menneskeslekt

*Kalkmaleri i taket på Nes kyrkje.
Foto: Signe Vreim Østtveit*

Av kyrkjeverje Angelika Faber Karsrud

Dette var pave Leo XIV sin bodskap om interreligiøs dialog i høve 60-årsjubileet for dokumentet Nostra aetate, som tyder I vår tidsalder. Nostra aetate omhandlar den katolske kyrkja si haldning til ikkje-kristne religionar. Den gongen tok kyrkja eit oppgjær med antisemittismen og understreka dei felles røtene til kristendom og jødedom. I dag strekkjer dialogen seg vidare, vender seg til alle trusretningar og livssyn – og byggjer bruer mellom menneske. Paven seier: «*Ein sann dialog har sine røter i kjærleiken – den einaste grunnvollen for fred, rettferd og forsoning – samtidig som han med fastleik avviser alle former for diskriminering og forfølging, og stadfester likeverdet til alle menneske.*»

Denne bodskapen treffer særleg sterkt i vår tid. Vi lever i ei verd prega av krig, utryggleik, polarisering og klimaendringar. Midt i alt dette veks også nye utfordringar fram, som den raske utviklinga av kunstig intelligens. Paven oppmodar alle åndelege tradisjonar til å bidra til ei humanisering av teknologien. Det handlar om å hugse kven

vi er. Midt i all utvikling og nye oppfinningar må vi ikkje gløyme at vi er menneske – skapte i Guds bilete. Teknologien skal tene livet, ikkje styre det. Han skal hjelpe oss å vere meir menneskelege, ikkje mindre.

Det same poenget løfta Marit Halvorsen Hougsnæs, avtroppande direktør i Kyrkjas arbeidsgivarorganisasjon, fram under årets leiarkonferanse: «Vi må utvikle og bruke KI til å løyse samfunnsutfordringane som ligg framfor oss, men vi må aldri miste vår sjel.» Her kan kyrkja – saman med andre trus- og livssynssamfunn – spele ei viktig rolle i tida som kjem.

For djupast sett søkjer menneske fellesskap og mening. Vi søkjer gjenklanken av noko større enn oss sjølve. Når vi møtest i respekt og nysgjerrigheit, på tvers av tru og tradisjon, blir verda litt varmare – og litt meir guddommeleg.

Takk til dykk som bidrog til fellesskapet også i 2025. Kvar og ein av dykk held håpet levande og skaper litt meir himmel på jorda.

God jul og godt nytt år 2026.

Ei jolehelsing frå Midt-Telemark kommune v/ordføraren

Jol er ei tid for varme, samhald og godleik. Når eg tenkjer på kva som ligg i desse orda, kjem eg tilbake til ei bok eg las heilt til ho blei slitt, barneboka om den barmhjertige samaritan. Ho lærte meg at vi har eit ansvar for å hjelpe, ikkje berre dei vi kjenner, men også dei som står utanfor. Verdiane frå den boka har vore med meg i alle år.

Denne hausten har eg fått ekstra inspirasjon frå svigermor, Åsne. Ho fortalde om si eiga barnebok, den som faren hennar las for henne om att og om att, historia om Sakkeus, mannen som klatra opp i morbærtreet for å få eit glimt av Jesus. Sakkeus var ikkje populær, han var liten av vekst og levde eit liv mange såg ned på. Likevel såg Jesus han, kalla han ned og gav han ein ny start. Det er ei sterk påminning om krafta i å bli sett og inkludert. Åsne skreiv til meg: «Kanskje vi skal sjå dei som ikkje ropar høgast, dei som kjenner på skam eller blir ute-stengde.» Det er ord eg tek med meg inn i jola.

Vi har gode døme på nestekjærleik her i Midt-Telemark. På Kjernehuset på Gvarv har Lisa Dawn og Even Aarnes i fleire år invitert folk inn til gratis julefeiring på sjølvaste jol-aftan. Dørene står opne for alle, og det kostar ingenting. Dette er eit varmt og raust initiativ som viser korleis vi kan nå ut til dei som står litt i skuggen. Både frivillige og næringslivet har støtta opp om arrangementet, og det fortel om eit lokalsamfunn med omtanke.

Eg vil også takke kyrkjene våre for alt dei gjer for å samle folk, skape rom for nærleik og gi håp og trøyst til mange. Gjennom heile året, og ikkje minst i jola, er kyrkjene ein viktig møteplass som minner oss om verdien av omsorg og nestekjærleik. Dei har mange

tilbod for både barn og vaksne, alt frå kor og ungdomsklubb til sjelesorg, speidar og søndagsskule. Dette arbeidet betyr mykje.

Åsne minna meg også om nokre linjer frå ein song av CC Cowboys: «Kanskje du behøver nokon som treng deg, kanskje vi behøver nokon som treng oss.» Det er eit fint jolebodskap, vi er skapt for nærleik, og vi har alle noko å gje.

Med dette vil eg ynskje alle ei fredfull og varm jolehøgtid, fylt med håp og gode møte. Ta vare på kvarandre, og kanskje særleg på dei som står litt i skuggen.

God jol og godt nytt år!

Siri Blichfeldt Dyrland
Ordførar i Midt-Telemark kommune



Foto: Golden Productions

Slanking

Trudde du at dette handla om deg og matvanane dine i jula? Kanskje ikkje det. Nei, det er slik at Bø kyrkjeblad må slanke seg.

Auka trykkjeutgifter gjer at bladet kostar meir å drifte enn det vi får inn på gaver og annonsar. Då må vi gjere eit grep, som det heiter så fint. Grepet er at bladet kjem

med færre sider enn før. Vi håper likevel at bladet blir lese og er til åndeleg mat og føde. Takk for at du les dette og kan vere med å støtte bladet.

Ha ei velsigna advent og jul.

Axel Bugge, redaktør



Presten og klokkaren

Skrevet av Tom Arnesen

På baksida av gamlekyrkja ligg det seks steinheller på rekkje og rad. At dette er gravminne over personar med stor makt i bygda, er heva over ein kvar tvil. Jo nærare kyrkjebygget og alteret du blei gravlagt, jo høgare rang hadde du hatt i ditt levande liv.

Mannen med dei mange verv

Under steinhella lengst til venstre ligg Søren Rollesfsen (1812-1868) og kona Anne Taraldsdotter (1819-1901). Søren vaks opp i heller små kår på Storrønningen ved Oterholt, men hadde ætt frå Borja og Eikjarud.

Søren Rollesfsen hadde mange verv i Bø. Han var kyrkjeverje, kyrkjesongar og klokkar frå 1844. Han var særleg kjent for å ha ei mjuk og vakker songstemme. Dessutan var han frå 1855 lærar ved den fyrste fastskulen i Bø, den som låg på Grauteknapp. Rollesfsen var seminarist, dvs. at han hadde teke lærarutdanning i Asker. Med Søren fekk Bø ein ny type lærar. Han hadde betre utdanning enn før, han gjorde seg meir gjeldande i bygdesamfunnet og han fekk ein høgare status blant folk. Søren Rollesfsen var ordførar i Bø frå 1856 til han døydd i 1868 av tuberkulose. Han blei gjenvalt og gjenvalt. Dessutan var han også rekneskapsførar i bygda ved eit par

høve. I tillegg var han postopnar. Han var også ein sær sars aktiv målmann.

Han var utan tvil ein viktig og godt likt person i bygda. I Bø saga kan vi lese: «Tvillaustr hadde Søren Rollesfsen evner i seg som gjorde at folk såg opp til han og kunne samlast om han. Når fattigfolk var i naud og trong hjelp, drog dei til Grauteknapp. Og særleg var det fullt på kyrkjesundagane, folk med småborn som skulle døypast t.d. Kona til Søren Rollesfsen, Anne Taraldsdotter, måtte titt og ofte over med spagryta.»

Mannen med dei lange talene

Soknepresten på den tida Søren Rollesfsen verka som klokkar, var Fredrik Nikolai Gjør (1804-1865). Han er gravlagt under ein steinhelle til høgrefor Søren Rollesfsen. Og ved sida av soknepresten finn vi ein liten stein til minne om sonen Ole Theodor Gjør (1848-1854), og ein stein til minne om dottera Laura Marie Elsie Gjør (1846-1847). Begge borna døydde unge som ein kan sjå.

Sokneprest Fredrik Nikolai Gjør var fødd i Kristiansand i 1804, tok embetseksamen i 1825 og kom til Bø i 1835. Han var ein dugande mann og godt likt i bygda. Om talene hans var like populære, er ikkje



Søren Rollesfsen og kona Anne Taraldsdotter. Foto henta frå Bø-soga.

godt å seie. Dei vara ofte i 2 stive timar, og i gamlekyrkja vinterstid kunne nok det vere ei prøve. Ofte blei det så kaldt at folk måtte trampe beina i golvet for å halde på varmen. Det blei ein del bråk av det, og presten måtte ofte heve stemma for å få ro.

På denne tida hadde prestane og ei stor oppgåve i å drive prestegarden. Gardsdrifta var ein stor del av inntektene for presten, og hans eigen innsats på garden var viktig. Og Gjør var ein dugande og interessert mann. Han la masse ny mark under plogen. Prestegarden var stor, og det var bruk for mykje arbeidskraft. 6 husmenn gjekk der dagstøtt mest heile sumaren igjennom. Og konfirmantane blei satt til å jobbe der.



Sokneprest Fredrik Nikolai Gjør fotografert rundt 1860. Foto henta frå Bø-soga.

Ein annan viktig inntekt var det presten klarte å få inn frå offergåvene frå kyrkjelyden. Frå preikestolen bruka Gjør å minne folket om høgtidsofferet på denne måten: Mange kan hjelpe ein, men ein kan ikkje hjelpe mange. På denne tida kalla sokneborna presten for far, og trass i at presten såg på seg sjølv som overhovud for sokneborna, hadde han også eit stort hjarte for dei. Gjør var aktiv som ordførar i skule- og fattigkommisjonen. At Gjør var ein populær prest i bygda, er det inga tvil om. Då han døydde utpå våren i 1865, fekk han ei av dei største gravferder som vore i Bø.

Kjelder: Div. band av Bø-soga.



Foto: Ketil Hardy

Min salme

Det lyser i stille grender

Av Jon Solberg

Eg hugsar ikkje kor gamal eg var fyrste gong eg høyrde «Det lyser i stille grender». Men eg hugsar eg spurde farfaren min, Jon Solberg d.e., kva «mot himmelen ljosa held» skulle bety. Eg hugsar det spesielt godt fordi han ikkje gav meg svaret. «Det må du forstå utifrå samanhengen», sa han. Dette var lenge før eg spela i bedehusbandet til svigerfar min, trekkspelar og låtskrivar Trygve Bratland, og forstod at ordstillinga ofte er annleis i religiøse viser og salmer. Dei er ikkje slik fordi forfatta- ren gjekk tom for rim. Visene og salmene er slik fordi dei skal vera slik. Det handlar om sjanger. Høgtideleg stil.

Jakob Sande var vestlending og blei fødd i Dale i Sunnfjord i 1906. Sande skreiv

«Det lyser i stille grender» som 25-åring, i 1931. Diktet var bestilt av juleheftet «Jol i Sunnfjord». Sande var tidleg ute og skreiv diktet ein steikande junidag i hagen utanfor Klokkargarden der han budde. Mange har tonesett diktet som den gongen bare heitte «Jolekveld», men melodien dei fleste av oss syng i dag, er skriven av Lars Søråas d.y. Urframføringa var i Johanneskyrkja i Bergen den siste krigsjula, i 1944.

Dei fleste som skreiv dikt på den tida er gløymde, men Jakob Sandes dikting er framleis populær. Ikkje bare blant litterære «forstå-seg-på-arar», men også blant vanlege folk og lesere. Sande skreiv ujalte, ekte og ærleg. Han skreiv for grasrota, og brydde seg lite om finkultur. Han skreiv

gjærne humoristisk, gjærne grotesk, somtir religiøst, ofte om sjømannslivet, somtir om fylla. Alt han skreiv var forankra i bygda. Sande var lektor og lærar, men mest lyrikar og songar. Han spela lutt og gitar, og gav ut 10 diktsamlingar og 3 bind med noveller.

Alle Sande-dikt er skrivne i perfekt verseform med rytme som ropar, og rim som smell. Ingen tomme flosklar og nødrim. Slik er det også i «Det lyser i stille grender», sjølv om Sande sjølv ikkje skal ha vurdert julediktet sitt særleg høgt. Kanskje bala han med tru og tvil han også, slik me menneske gjer. Det var særleg setninga i 5. og siste vers han ikkje var fornøgd med: «som myrkret for evig batt» (som har blitt til «som døden for evig batt»). «Ein kan ikkje binde mørkret», skal Sande sjølv ha sagt. Men Jakob Sande var ikkje redd for det «kristlege». Han var son av ein klokkar, bruka ofte bibelske motiv i dikta sine, og kunne «bestemorsbibelen» sin, som han sa.

I bandet Ugras syng Torstein Askildt Sandes dikt «Etter ein rangel» på røft Torstein-vis. «I morgo skal eg starte på eit nytt og betre liv, trur eg». Eg laga ein melodi for nokre år sidan, og me har spela songen i mange festlege lag. For meg er det noko eige, og noko fantastisk med ein lyrikar som Sande: Ein fuktig laurdagskveld syng me ei Sande-vise hos Arild på Bull Inn. På søndagen syng me «Det lyser i stille grender» hos Axel i kyrkja. Slik skal det vera. Slik er mennesket. Slik er juleevangeliet. Slik er denne julesalma: Ho løfter det enkle og folkelege opp mot himmelen.

Det lyser i stille grender

T 1931 Jakob Sande

M 1944 Lars Søråas d.y.

1 Det lyser i stille grender
av tindrande ljøs i kveld,
og tusene barnehender
mot himmelen ljosa held.

2 Og glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimsens Frelsar
som barn i ein vesal stall.

3 Der låg han med høy til pute
og gret på si ringe seng,
men englane song der ute
på Betlehems aude eng.

4 Der song dei for første gongen
ved natt over Davids by
den evige himmelsongen,
som alltid er ung og ny,

5 den songen som atter tonar
med jubel kvar julenatt
om barnet, Guds Son, vår sonar,
som døden for evig batt.



Den store håpsforteljinga

«Det hende i dei dagar,» slik byrjar juleevangeliet. Noko stort hende i vår historie som fekk konsekvensar for heile verda. Då Jesus vart fødd, vart Gud eit menneske. Forteljinga om Josef, Maria og det vesle Jesusbarnet er noko av det vakraste som nokon gong er blitt skrive. Jula viser at vi betyr noko for Gud. Vi er ikkje gløymde, men elska av Gud.

Dei gamle grekarane snakka om krafta bakfrå. Med det meinte dei at dei gode hendingane i fortida gir oss kraft til å leve i dag. Vissheita om ikkje å vere gløymd, men elska av vår skapar, har bore menneske i både gode og tunge tider. Underet på Betlehemsmarkene har gitt kraft til

menneske i 2000 år.

Men grekarane snakka ikkje berre om krafta bakfrå, men også om krafta forfrå. Med forfrå tenkte dei på kva som ein gong skal skje. Kva vi trur om framtida påverkar livet vårt her og no.

Juleevangeliet handlar ikkje berre om kva som ein gong hende i vår historie. Det inngår i den store forteljinga om kva som ein gong skal skje med oss og vår verd. «I dag er det fødd dykk ein Frelsar, han er Den salva, Herren», song englane. Mot slutten av sitt liv på jorda hende det noko dramatisk i Jesu liv. Ikkje berre vart Gud menneske, han gav også sitt liv på

ein kross. Lovsongen og gleda frå Betlehemsmarkene vart bytt med klage, sorg og død. Det er for å gi mitt liv for dykk, eg er komen, sa Jesus.

Men heller ikkje Jesu død er siste ordet i kva som skal skje med oss og denne verda. Jesu oppstode frå dei døde endra vår framtid. Disippelen Peter skriv til venene sine for å oppmuntre dei: «Velsigna er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. (1. Pet 1,3)»

Desse orda blir lesne ved kvar dåp i kyrkja og når vi tek farvel med eit kjær menneske. Han som vart fødd som eit lite forsvarsløst barn, viste seg å vere sterkare enn dødens og mørkets makt. Gud skal

ein gong skape ei ny verd der det er slutt på all vondskap og liding. Vi vedkjenner at vi trur på «lekamens oppstode og det evige liv». Det er ikkje døden og mørket som sigrar til sist.

Vi lever i mørkare tider enn på lang tid. Svein Ellingsen skildrar oppstoda som «lyset frå Guds framtid». Med lyset frå Betlehemsmarka og lyset frå Guds framtid får vi hjelp til å leve her og no. Også når livet er krevjande. For det er berre med krafta bakfrå og forfrå at livet kan levast i notida.

Velsigna advents- og juletid!

Stein Reinertsen
Biskop i Agder og Telemark

Bø kyrkje på lufta og på TV!

Staben i Bø kyrkjelyd har takka ja til å vere vertskap i 2 år for NRK-gudstenester på radio og TV. NRK kallar det for visuell radio eller radiogudsteneste på TV. Det vil seie at du kan høyre gudsteneste nesten direkte på P1+ eller sjå ho på NRK1 eller NRK2. Det er stas å bli spurd av NRK når vi veit at ca. 80 000 høyrer søndagsgudstenesta på radio og ca. 40 000 ser ho på TV. Når Bø kyrkje i Telemark er valt ut saman med fem andre kyrkjelydar, er det først og fremst for at liturgien er på nynorsk og at Bø kyrkjelyd har eit godt kor- og musikkmiljø som kan setje sitt preg på den lokale

gudstenesta. I Bø kyrkje vil det snart bli sett opp fire faste kamera som vil bli styrt frå NRK Trondheim når det er sending. Staben i Bø har hatt besøk av Guddbjørn Bondhus og Knut Bløtekjær frå NRK i Trondheim. Dei har hatt befarings i Bø kyrkje og informert og kursa staben i å halde relevante gudstenester. Søndag 12. april og søndag 24. mai er vi på lufta, og TV og kyrkjelyden ønskjer at mange kjem på gudstenestene og deltar. Møt opp i god tid og seinast kl. 10.45! Dette blir spennande!

Axel Bugge



Vår jul

Av Olga Dmitriakova

Kristi fødsel, julen, er en av de mest ærverdige og gledelige høytidene i Ukraina. Denne feiringen samler familier, fyller hjemmene med varme, duften av god mat og lyden av julesanger.

Før jul, som i mange andre kristne land, holder de troende en faste som varer i flere uker. Det er en tid for åndelig renselse og forberedelse til den store

høytiden. Derfor er julebordet i Ukraina alltid ekstra rikt. På et tradisjonelt ukrainsk julebord finner man kjøttretter, pølser, hjemmelagde ruller, kaldt kjøtt, kålruletter, helstekt pattegris, fruktdrikk laget av tørket frukt (uzvar), samt mange paier og søtsaker.

En helt spesiell kveld er Sviatvecher – julekvelden. Da lager man kutja, som er hovedretten denne kvelden. Kutja er en

symbolsk rett laget av kokt hvete (eller bygg), honning, valmuefrø, nøtter og rosiner. Den symboliserer liv, overflod og minnet om forfedrene. På denne kvelden tenner man det første lyset, ber, og deretter setter hele familien seg til bords. Tradisjonen sier at det skal være tolv magre retter – én for hver av apostlene.

En gammel skikk forteller at barna denne kvelden bringer kutja til sine faddere, mens de ønsker dem helse og velsignelse. I takk gir fadderne barna søtsaker eller små gaver – et symbol på kjærighet og familieforbindelse. Etter julegudstjenesten, som i de fleste kirker tidligere begynte ved midnatt, vender familiene hjem for å bryte fasten og endelig nyte all den deilige maten. Det er alltid et gledelig og etterlengtet øyeblikk når huset fylles med duften av ukrainske retter.

De neste dagene etter jul kalles i Ukraina for sviatky – festdager fylt med glede, gjestfrihet og sang. Folk besøker hverandre, synger, gratulerer og deler måltid. En spesielt vakker tradisjon er koljada – ukrainsk julesang. I julen og de påfølgende dagene går barn og ungdommer rundt i landsbyer og byer kledd i kostymer, med stjerner og små teaterfigurer som forteller historien om Kristi fødsel. De synger julesanger som priser Frelserens fødsel. Å ikke slippe inn sangerne regnes som et dårlig tegn, derfor åpner vertene gjerne dørene sine, lytter, og takker med godteri, bakverk, mandariner og litt penger.

I løpet av disse festdagene pleide vi å besøke slektninger, venner og barnas faddere. Med våre julesanger besøkte vi rundt førti familier. I hvert hjem brakte vi høytiden med oss – som et lite konsertprogram av julesanger. Det var årets vakreste dager.

I dag, langt fra hjemlandet, kjenner vi spesielt sterkt hvor viktig det er å bevare og dele disse tradisjonene. Vår store familie kom til Bø for litt over ett år siden. Da krigen i Ukraina begynte, mistet vi julen. Vi bodde på forskjellige steder og hadde nesten glemt hvordan det føles å feire med glede. Vi ble som Josef og Maria, som søkte tilflukt i Egypt. Vår flukt varte i mer enn to år med adskillelse. Først da vi kom til Bø, kunne vi endelig samles igjen – jeg, min mann og alle barna våre. Det var en vanskelig tid – nye mennesker, et nytt språk, et nytt land, en annen kultur og andre tradisjoner. Vi følte oss ensomme og redde. Derfor var det en stor glede for oss å delta på julekonserten og gudstjenesten i Bø kyrkje.

En særlig inspirasjon fikk vi da en kristen familie inviterte oss til å feire jul sammen med dem. De hadde laget mange retter og gav oss så mye varme og kjærighet. Vi mintes hvor lyse og varme våre julefeiringer hjemme pleide å være. Og nettopp for denne familien sang vi våre ukrainske julesanger for første gang i Norge.

Endelig fant vi julen igjen.

Kjære Jesus!

Av Andrii Pinchuk



I disse dagene minnes vi din fødsel. Du, som eide himmelen, steg ned til jorden.

Du, som eier himmelriket og jorden, valgte en enkel hule som ditt hjem. Du, som satt ved Faderens høyre hånd, valgte en krybbe i stedet for en trone. Du, som skapte de vakre fjellene, havet, skogene og plantene, ble lagt i høyet. Du, som fylte verden med fullkommenhet, ble født i en mørk og illeluktende hule.

Du, som hørte englenes sang uten stans, ble jaget av kong Herodes' hat. Du, som skapte all verdens rikdom, ble født i fattigdom og nød. Du, som gir lys og kjærlighet, måtte flykte til et fremmed land.

Dagen for din fødsel var ikke slik vi ønsker den for oss selv eller for våre barn. Noen av oss har, som Josef og Maria, flyktet fra vårt land

for å redde våre barn fra krig og død. Og i adventstiden er våre hjerter nær våre nye brødre og søstre som har funnet sitt nye hjem i Norge. For min skyld, for min families skyld, for mine brødres og søstres skyld, for alle menneskers skyld, gjorde du dette – du steg ned og ble menneske.

Hvordan kan jeg takke deg verdig for din kjærlighet? Mine ord og tanker strekker ikke til.

I stille ærefrykt står jeg for deg. I ydmyk bønn takker jeg deg. I julesangene priser jeg deg.

Vær nær hver og en, og velsign alle som i disse dagene løfter sitt blikk mot krybben og den mystiske hulen, opplyst av julestjernens lys!

Дорогой Иисус!

В эти дни мы вспоминаем Твое Рождество. Ты, который обладал небом, сошел на землю. Ты, которому принадлежит рай и земля, выбрал своим домом невзрачную пещеру. Ты, который восседал справа от Отца, вместо трона избрал кормушку для домашних животных.

Ты, который создал эти прекрасные горы, моря, леса и растения, был положен в сено. Ты, который наполнил мир совершенством, родился в грязной и вонючей пещере. Ты, который слышал беспрестанное пение ангелов, был преследуем злобной ненавистью царя Ирода.

Ты, который сотворил все богатства мира, родился среди нищеты, бедности и нужды. Ты, который даришь свет и любовь, был вынужден бежать в чужую землю. День твоего рождения был совсем не

таким, каким мы хотим его видеть для себя или своих детей. Некоторые из нас также как и Иосиф с Мариею, бежали из своей земли, чтобы спасти своих детей от войн и смерти. И в дни адвента наши сердца рядом с нашими новыми братьями и сестрами, которые нашли свой новый дом в Норвегии.

Ради меня, ради моей семьи, ради моих братьев и сестер, ради всех людей на свете Ты это сделал – сошел на землю и вочеловечился. Могу ли я как-то достойно возблагодарить Тебя за Твою любовь? Мне не хватает слов и мыслей для этого. В благоговейном молчании я стою перед Тобою. В тихой молитве я благодарю тебя. В пении рождественских гимнов я прославляю Тебя. Будь же близок к каждому и благослови всех, кто в эти дни обращает свой взор к Твоим яслям и к той таинственной пещере, осиянной светом рождественской звезды!

Takk!

Bø kyrkjelyd takkar Sparebankstiftinga Bø for pengar til 58 nye salmebøker, som snart erstattar dei gamle salmebøkene, der mange har gått i stykke.

Slekters gang frå september 2025

Døpte



William Stokstad Stavenes ,
5.10.25 i Heddal stavkyrkje



Sander Valen Arnesen
12.10.25



Celine Sonja Landeon-
Pedersen og Qori Hermine
Landeon-Pedersen 12.10.25



Anna Holtan
Saga-Bjerkvik
19.10.25



Emma Olivia Klokke-
haug Solberg
19.10.25



Eivind Sønstebø-Saga
05.10.25



August Bjerke-Breving
02.11.25



Elmer Eilevstjønn
02.11.25



Elmer Slåttedalen
16.11.25

Slekters gang frå september 2025

Døpte



Tuva Jensen Lofthus
16.11.25



Vårin Momrak Jonsås
09.11.25

Gravlagde/Bisetting

- 18.09: Gunnbjørg Steinstad
- 13.10: Torstein Tjønntveit
- 24.10: Torstein Børte
- 30.10: Aud Aasen
- 13.11: Ragnhild Tjønna
- 14.11: Hans Darrud
- 19.11: Åsta Holmaas

Takk til KIWI i Bø som gir
oss gratis posar til utdeling av
Kyrkjebladet!

«Lær oss å telja
våre dagar så vi kan
få visdom i hjartet!»

Salme 90.12



90.000 barn i Norge vokser opp
i hjem med rus. Med din støtte kan
vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag
litt lysere.

Gi din gave på **Vipps 936679**



Blå Kors

Julegåve

Bø kyrkjeblad har kome ut med 4 nummer i året dei siste åra. Bladet har gått med underskot kvart år, og vi er avhengige av å få meir pengar inn for å kunne fortsette.

Har du høve til å gje ei julegåve til kyrkjebladet slik at det kan fortsette å kome ut i 2026?

Kontonummer 2801.53.52096 merk med «Julegåve kyrkjebladet»
Vippsnummer 116673 - Bø sokn - 4 Gåve Bø kyrkjeblad

Summen på giroen under er eit forslag og kan justerast både opp og ned.

Beste helsing redaksjonen

Tusen takk for gåva til Bø kyrkjeblad.

Du kan også bruke VIPPS nr. # 116673 kategori 4, eller QR-koden under.

Betalingsinformasjon

Julegåve 2025

Den utfylte summen er eit forslag, du må gjerne endre den.

Du kan også vippse til # 116673 kategori 4, eller bruk QR-koden.



GIRO

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

BØ KYRKJEBLAD
Kyrjekontoret
Kyrkjevegen 78
3800 Bø

Belast
konto

Kroner	Øre	Til konto
300	00	2801.53.52096

ÅRETS JULEGÅVE!



NÅ KUN KR 249,-

~~329,-~~

Kan kjøpast her:

- Bø Bok og Papir
- Bø kyrjekontor
- Bø kyrkje



Åpningstider: 10-18 (16)
Tlf: 35 06 03 50



HAUGESTØL VVS AIS
3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Tlf. 35 06 06 50
Vakttlf. 480 01 222
E-post: post@haugestolvvs.no





**VELKOMMEN
TIL OSS!**


Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14



Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no

 Bertelsen Nyhuus Optikk
 bertelsennyhuusoptikk



**MURMESTER
ESPEDALEN**
MEIR ENN MUR

Tlf. 35 06 03 30
www.murmesterespedalen.no


**MARTHE VALE WANG - LOGOPED MNLL
M/MØNSTERAVTALE HELFO**

JEG TILBYR OPPFØLGING HJEMME HOS KLIENT, PÅ INSTITUSJON, PÅ ARBEIDSPASS, PÅ SKOLE OG I BARNEHAGE, I MIDT-TELEMARK OG OMEGN.

ARBEIDSSOMRÅDER: PARKINSON, AFASI, STEMMEVANSKER, SPRÅK- OG UTTALEVANSKER, TALEFLYTVANSKER, OG UTREDNING AV DYSLEKSI AV BARN OG VOKSNE.

TA KONTAKT VED SPØRSMÅL ELLER ØNSKE OM TIMEBESTILLING.

KONTAKTINFORMASJON:
MARTHE VALE WANG
+47 986 18 919
LOGOPEDWANG@GMAIL.COM



FARGERIKE

Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no

**VI UTFØRER ALT INNEN
NYBYGG, PÅBYGG OG
RESTAURERING**



**MIDT-TELEMARK
BYGG AS**

mtbygg.no
Folkestadvegen 166, 3802 Bø

Sjekk ✓ Punkt
BILVERKSTED

BØ AUTO

Verksted
EU-kontroll
Bilutstyr

BILUTLEIE

☎ 35 95 02 75

KIWI'S PRISLØFTE

VI GIR OSS ALDRI PÅ PRIS!

KIWI mini pris
KIWI Bø **7-23**
ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR

SYSTEMBLOKK

Tlf. 35 06 00 00
www.systemblokk.no

Velkommen til gudsteneste!



DATO	TID	STAD	DAG	TEKST
30.11.	11:00	Bø kyrkje	Familiegudsteneste, alle barnekora deltar. 1. søndag i advent	Matt. 21, 1-11
07.12.	11:00	Bø sjukeheim	Kantina. Nattverd. 2. søndag i advent	Joh. 14, 1-4
14.12.	11:00	Bø kyrkje	Presentasjon av nye konfirmantar. Søndgsskule. 3. søndag i advent	Matt. 11, 2-11
21.12.	11:00	Bø kyrkje	4. søndag i advent	Luk. 1, 46-55
24.12.	14:30	Bø kyrkje	Julaftan	Luk. 2, 1-20
24.12.	16:00	Bø kyrkje	Julaftan	Luk. 2, 1-20
25.12.	11:00	Bø kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Nattverd	Joh. 1, 1-14
28.12.	11:00	Bø kyrkje	Romjul	Matt. 2, 13-15
01.01.	11:00	Bø kyrkje	Nyttårsdag	Luk. 2, 21
04.01.	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Matt. 2 1-12
11.01.	11:00	Bø kyrkje	Familiegudsteneste	Matt. 3, 13-17
18.01.	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Joh. 2, 1-11
25.01.	11:00	Jønnebu fjellkyrkje	Fellesgudsteneste. Kyrkjeaffi. Seminar	Luk. 18, 35-43
01.02.	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk. 8, 4-15
08.02.	11:00	Bø kyrkje	Familiegudsteneste. Skileik. Pølsegrilling	Matt. 17, 1-9
15.02.	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Joh. 17, 20-26
18.02.	18:00	Bø kyrkje	Askeonsdag. Alminneleg skriftemål og nattverd	
22.02.	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste. 1. søndag i fastetida	Matt. 4, 1-11
01.03.	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste. 2. søndag i fastetida	Matt. 15, 21-28
08.03.	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste. 3. søndag i fastetida	Luk. 11, 14-28
15.03.	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste. 4. søndag i fastetida	Joh. 11, 45-53
22.03.	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste. Maria bodskapsdag	Luk. 1, 26-38
29.03.	11:00	Bø kyrkje	Familiegudsteneste. Palmesøndag	Joh. 12, 12-24



Bø kyrjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø
Telefon: 35 06 10 40 • E-post: post@bokyrkje.no
Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje,
Kyrkjevegen 63, 3800 Bø

FYLG OSS PÅ bokyrkje.no //  Bø kyrkjelyd

Redaksjonen:
Ulf Vege, Axel J. Bugge,
Bjørn Seljebotn

Trykk og design:
Superlativ Media AS
Opplag: 3300 eks.